


«Kvalitetar i ei helsefremmet loklsamfunn» - forsøk på å formulere ein jordnær visjon

Nils Aarsæther
Samfunnsplanlegging, ISS
Universitetet i Tromsø



Lokalsamfunnet – tilbake på dagsordenen. (?, !)

- Forbunde med anti-modernisme, stillstand, primærnæring, utkant, 1970-tal, SP og det som verre er
- Likevel appell: Ordet og fenomenet hamna ikkje på historiens skraphaug
- Lot seg modernisere, viste seg nyttig



Visjon og utopia – eller jordnære mål?

- Utopiar har vist seg å ende i dystopiar, også når dei er i lokalsamfunns-modus.
- Eit jordnært mål: Bidra til levande lokalsamfunn over heile landet
- Tankegangen er at levande lokalsamfunn gir god helsetilstand
- Utfordringa ligg då både sentralt, og i eigen kommune



Kort innføring i moderne lokalsamfunnstenking

- (1) Geografisk avgrensa **bosettingsområde** -(eks. bydel, småby, industristad, spreiddbygd utkant, tettbygd fiskever)
- (2) Fysisk nærheit gir **samhandling**
- (3) Felles opplevde oppgåver/problem bidrar til å skape **lokale institusjonar**



Modernisering og globalisering

- Framvekst av spesialist-samfunnet
- Framvekst av storby-med anonymitet
- Framvekst av mobilitetssamfunnet
- Framvekst av global kapitalisme
- - men her til lands: 1972-alliansen -ein form for venstrepopulisme, repetert 94
- - distriktspolitikk, bydelspolitikk, kommunestruktur som off. motkraft



Basisen for lokalsamfunnet – og for det gode samfunn

- Kva er grunnleggande mekanismer for å skape levande lokalsamfunn?
- Altså bosettingsområde der alle er inkludert og kan samarbeide og stridast
- Samfunnsvitskapen skulle gitt oss svaret, men var meir opptatt av å fortelle om lokalsamfunnets forfall som følge av moderniseringa



Eit sveip tilbake til 1830-talet

- Då den franske adelsmannen Alexis deTocqueville drog på feltarbeid til Amerika. Publiserte bok i 1848:
- «Demokratiet i Amerika» på 970 s.
- Korfor funkar både demokratiet og næringslivet så godt ?
- **Fordi amerikanarane har lært seg å skape frivillige organisasjonar**



Så skulle det gå 145 år: 1993

- DeTocqueville si innsikt neglisjert, lenge
- 1993: Robert Putnam utgir «Making Democracy Work» om Italia
- Basert på Tocqueville utviklar han begrepet «sosial kapital», responsen er overveldande
- «Bowling alone» kjem i 2000. Forfall i friv.organisasjonsliv gir samfunnskollaps



I "gode" regionar i Italia

- Var folk medlem i frivillige organisasjonar
- Leste aviser
- Stemte på politiske parti i lokalvalg
- Motsatsen: Familieliv, TV, stemmer på personlege kandidatar



Kva er sosial kapital ?

- "Det som understøttar eit kollektiv si evne til å løyse felles problem"
- Altså ein eigenskap ved ei gruppe, ei befolkning, ein bydel, eit lokalsamfunn, ein region
- Skapast gjennom tillit, nettverk og normen om å stille opp (Putnam 1993)
- Altså gjennom friv.org-aktivitetar

Det alle veit, og som er viktig nok:




- Frivorg har låg terskel for å delta (rimeleg medlemskontingent)
- Alle er velkomne som støttar formålet (forskjellig frå losjer og laug)
- Alle har like stor innflytelse (forskjellig frå a/s)
- Leiinga må kontinuerleg stå til rekneskap for medlemmane på årsmøta
- Organisasjonar er skolar i demokrati
- Organisasjonar er skolar i problemløysing
- Organisasjonar er skolar i solidaritetstenking
- Så der det ikkje er organisasjonsliv står det dårleg til med demokratiet



Hovudpoenget med frivorg i skapinga av sosial kapital:

- Om folk er medlem av berre ein organisasjon, oppstår det antagonisme (idrett mot eldre)
- Men om folk normalt er med i 2 eller fleire frivorg, vil dei "møte seg sjøl i døra"
- Miste evna til å "råkjøre"
- Bli meir høflege, avdempa, tolerante og greie å ha å gjere med; folkeskikk som biprodukt
- Bli langt meir og betre informerte
- Bli meir kreative (kopler inf. frå ulike hald)



Sosial kapital som biprodukt (også)

- Men sosial kapital er då eit biprodukt
- Folk blir med i organisasjonen for å støtte formålet, ikkje for å danne sosial kapital eller utvikle lokalsamfunnet!
- Her virkar folkehelsepolitikk/planlegging og sosial kapital på heilt ulike måtar
- Politikk er målretta; sosial kapital kjem som resultat av fleire org.medlemskap!



Så tilbake til lokalsamfunnet

- Sosial-kapital-tenkinga gir følgende råd:
- (1) Eit rikt organisasjonsliv (felleskap som fangar opp «einkvar»)
- (2) Overlapp, ikkje berre ein aktivitet pr. individ
- (3) EIN felles institusjon som kan artikulere og prioritere: Kommunen, bydelsrådet, bygdelaget



Sosial kapital gir helsegevinst

- I «Bowling alone»- boka listar Putnam opp studiar som viser samanheng mellom organisasjonsaktivitetar (og uformell sosialitet) si betydning for opplevd velfere.
- Altså ein god grunn til å streve etter lokalsamfunnsbygging gjennom sosial-kapital-mekanismen



Folkehelsekoordinatoren

- Skal jo legge til rette for å få folk spreke, ha normalvekt, gode matvaner og lite røyk/rus
- Men viss sosial-kapital-argumentet gjeld, bør ein stor del av innsatsen dreiest mot
 - – å bygge kompetanse på organisasjonsliv
 - - å bidra til overlapp (nettverk)
 - - å sikre lokalsamfunnet sin demokratiske institusjon – makt til bydelen, småkommunen



Back to the 1950s?

- Lokalsamfunnet i dag er moderne, med mobile folk som brukar sosiale media
- Men både reine folkehelseiltak
- Og det heilt vanlege organisasjonslivet
- Kan i dag, saman, produsere det helsefremjande lokalsamfunnet
- Med masse wienerbrød, pølser, bilturarog røykepauser...



For å vere heilt konkret

- «Vår visjon» må vere at busettingsområda «flyt over» med sosial kapital, altså
- Eit allsidig organisasjonsliv, i botnen for kommunalt virke for folkehelse – og for mykje anna også
- Verken pengar, entreprenørskap eller kompetanse kan erstatte sosial kapital



(vedl) Reformulering av sosial kapital: BBL

- Bonding – tette band (den eine organisasjon)
- Bridging – brubygging gjennom nettverk, overlapp, oftast horisontalt, lokalt
- Linking - knyte det lokale oppover mot regionale, nasjonale og internasjonale styringsnivå, utan å gi (heilt) slepp på frivillighet og fritidsengasjementet
- Husk dette med velferdsstaten og dei universelle ordningane si betydning...



(vedl) Sosial kapital og helse

- Engelsk studie: Social Capital and Health (Campbell et al 1999)
- Samanliknar bydelar A og B med ulik grad av helsetilstand
- Folk i A har utviser sterk lokal identitet, offentleg helsesenter, men dårleg helsetilstand
- B har ikkje offentleg helsesenter, svakare lokal identitet, men helsetilstanden er betre enn i A
- Folk i B hadde meir tillit til andre, og deltok meir i ulike former for bydelsaktivisme
- Det interessante er at helsesenter-nærvær ikkje kompensere for lågt nivå på tillit og engasjement i befolkninga
- (det kan det vere andre faktorar spelar inn)
- F.eks. At psykisk helse kan ledsagast av sosial røyking og alkoholbruk?



Konklusjon

- Både helse, demokrati og stedsutvikling blir befordra av sosial kapital
- Ei befolkning med eit allsidig organisasjonsaktiv, med mange svake band er mindre sårbar enn det vel integrerte lokalsamfunnet
- Sosial kapital ein uomgjengeleg formidlar mellom politiske institusjonar og dagleglivet.